



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Klage på vedtak om dispensasjon frå LNF og byggeforbod mot vassdrag for etablering av tilkomstveg på gnr. 100 bnr. 13 på Fjellende, Vågseidet i Lindås

Fylkesmannen klagar på vedtaket til plan- og miljøutvalet i sak 102/18 den 29.08.18 om å gi dispensasjon frå LNF-føremålet og byggeforbod mot vassdrag i kommuneplanen for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad på gnr. 100 bnr. 13 på Fjellende. Ein dispensasjon vil splitte opp og svekke verdien til eit samanhengande innmarksbeite, og redusere viktige kvalitetar i kulturlandskapet for området som heilskap.

Vi viser til oversending i saka frå Lindås kommune datert 05.09.18.

Bakgrunn

I sak 102/18 den 29.08.18 vedtok plan- og miljøutvalet å gi dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad på gnr. 100 bnr. 13 på Fjellende. Etablering av tilkomstveg krev dispensasjon frå to forhold i kommuneplanen:

- LNF-føremålet
- 50 meter byggeforbod-sone mot vassdrag, jf. føresegn § 5.5

Lindås kommune ga avslag på søknad om dispensasjon til tilkomstveg 21.06.18. Dette vedtaket blei påklaga av søkar. Søkar fekk då medhald i klagen av plan- og miljøutvalet i sak 102/18.

Vurdering

I uttale frå 12.06.18 rår Fylkesmannen i frå at dispensasjon til tilkomstveg blir gitt. Eit utdrag frå uttalen er presentert under:

«Den omsøkte vegen vil gå over eit samanhengande innmarksbeite og dele det i to. Det er ikkje opplyst kor mykje areal som vert omdisponert, men etter det vi kan sjå må det vere minimum 300 m². Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som


mogleg. Fylkesmannen er kritisk til slik omdisponering. Stortinget har også skjerpa måla for omdisponering av dyrka mark frå 6000 daa til 4000 daa i året i den nasjonale jordvernstrategien.

Vi forstår at det er ynskjeleg med veg til fritidsbustaden, men det er ikkje naudsynt. I tillegg skal denne vegen skal berre tene ein fritidsbustad. Det står i søknaden at vegen kan nyttast til drift og vedlikehald av landbruksarealet, utan at dette er forklart nærmare. Slik vi forstår saka er vegen ikkje naudsynt for drifta av innmarksbeitet.

Den omsøkte vegen skal gå over eit fint kulturlandskap og vår vurdering er at vegen vil forringe verdien av kulturlandskapet.

Fylkesmannen si vurdering er at det er uheldig å omdisponere dyrka/dyrkbar mark og bygge ned kulturlandskap utan at det føreligg særlege samfunnsmessige grunnar. Vi er også uroa for moglege presedensverknader saka kan få for andre tilkomstvegar til fritidsbustader i kommunen.

Fylkesmannen rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til veg fram til fritidsbustad på gnr. 100 bnr. 13.»



Situasjonskart

Fylkesmannen held fast på si vurdering frå høyringsrunden, og klagar på det grunnlaget på vedtaket til plan- og miljøutvalet i sak 102/18. I tillegg har vi nokre supplerande vurderingar under som støttar opp under klagen:

Fylkesmannen er i hovudsak samd med dei vurderingane kommunen la til grunn i sitt avslag 21.06.18. Vi er samd med kommunen i at kulturlandskapet mot Austrevatnet i stor grad er bevart. Ein ny køyreveg gjennom området vil da få negativ innverknad på heilskapen og kvalitetane i kulturlandskapet.

Fylkesmannen er ikkje samd med plan- og miljøutvalet si vurdering at tilkomstvegen til fritidsbustaden vil betre tilkomsten til beiteområdet. Beiteområdet ligg langs med ein samleveg nord-sør gjennom området som gir god tilkomst.



Flyfoto – omsøkt veg vist med oransje strek

Vi er vidare ikkje samd med utvalet i at ein tilkomstveg til fritidsbustaden vil kunne vere eit viktig tiltak for å hindre attgroing av beiteområdet. Tvert om meiner vi at ei oppsplitting av beiteområdet ved framføring av tilkomstvegen, vil svekke samanhengen og kvaliteten til beiteområdet.

Utvalet legg også til grunn i vedtaket at innmarksbeitet knytt til omsøkt tilkomstveg er kjenneteikna av skrin jord. Fylkesmannen kan ikkje sjå at kvaliteten på innmarksbeitet er vesentleg redusert akkurat for dette arealet. Det ligg også i sakas natur at innmarksbeitet ikkje har same jordkvalitet som fulldyrka areal. Vi kan ikkje sjå at argumentet om «skrin jord» er eit relevant argument i ei dispensasjonsvurdering i denne saka.

Med helsing

Kjell Kvingedal
avdelingsdirektør

Hege Brekke Hellesø
rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.